

Klage på manglende gjennomføring av vedtak om individuell tilrettelegging

Tale Goksøy

Anne Siri Nyteit




Statsforvaltaren i Vestland



25.11.2024



Plan for webinaret



- Generelt om klageretten
- Kva reglar gjeld ved klage på gjennomføring?
- Behandling av klagen
- Statsforvaltaren si behandling av klagesak



Generelt om klageretten

- Ikkje forankra i opplæringslova eller forvaltningslova
- Utgangspunktet er at det er klagerett på enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 28 første ledd.
- Departementet har uttalt at det ikkje føreligg ei slik klagerett
- Stortingsbehandling av lova 2. juni 2023:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan gjennomføring av vedtak om individuell tilrettelegging av opplæringen kan sikres og påklages. I påvente av dette ber Stortinget regjeringen om å legge til grunn at manglende gjennomføring av individuell tilrettelegging av opplæringen fortsatt kan påklages til Statsforvalteren».



Kva reglar gjeld ved klage på gjennomføringa?



Utdanningsdirektoratet: «*Klagebehandlingen må følge forvaltningsloven så langt den passer*»

- Utgangspunkt:
 - Vilkåra for å klage er i utgangspunktet dei same som ved klage på sjølve vedtaket
 - Reglane for sjølve behandlinga er den same
 - Ein klage inneheld ikkje alltid ordet «klage»
 - Kommunen si rettleatingsplikt

Kilde: stockbilder



Kven kan klage?



- Må ligge føre eit vedtak om individuell tilrettelegging
- Foreldre med foreldreansvar, eller eleven sjølv om han/ho er 15 år eller eldre, kan klage
- Dersom det er to foreldre med foreldreansvar, må begge vere einige

Kilde: stockbilder



Når kan elev og foreldre klage på gjennomføringa?

- Dersom eleven eller foreldra *meiner* at vedtaket om individuell tilrettelegging ikkje blir oppfylt etter sitt innhald, kan dei klage
- Må vere gjort eit vedtak om individuell tilrettelegging

Døme:

- Dersom den individuelle tilrettelegginga ikkje har starta opp etter at vedtaket blei gjort
- Barnet mottar berre eit fåtal av timane med individuell til rettelegging som vedtaket angir
- Vedtaket seier at tilrettelegginga skal utførast av spesialpedagog, men foreldra klagar på at det har blitt gitt av ein assistent
- Dersom den individuelle tilrettelegginga ikkje er organisert slik det er forventa ut frå vedtaket



Kven skal klagen rettast til?



- Klagen skal rettast til den som har gjort vedtaket
- Det bør gå fram av vedtaket kven ein eventuell klage skal rettast til
- Kommunen sitt ansvar å ha på plass rutinar som er kjent for skulane

Kilde: stockbilder



Gjeld det ein klagefrist?

- Hovudregelen i forvaltningslova § 29 er ein klagefrist på 3 veker frå vedtaket kom fram til parten
- Løpande rett til å klage på manglande gjennomføring så lenge vedtaket gjeld
- Manglande gjennomføring vil ofte først bli synleg i forbindelse med årsrapporten, derfor må det og vere ein klagerett etterpå
- Ikkje nokon fastsett klagefrist



Kommunen si behandling av klagen

Først vurdere om vilkåra for å klage er oppfylte.

Dersom ikkje vilkåra er oppfylte, skal klagen avvisast, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd.

Å avvise ei sak betyr at saka ikkje blir tatt til behandling. Det er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova jf. § 2 tredje ledd og Statsforvaltaren er klageinstans.



Behandling av klagen, forts.



Aktuelle avvisingsgrunnar:

- føreligg ikkje vedtak som gir rett til individuell tilrettelegging
- Klagen er sett fram av ein som ikkje har klagerett

Som hovudregel ikkje avvisingsgrunn om:

- det er klag på gjennomføring av same vedtak før,
- eleven har begynt på ny skule,
- eleven har flytta frå kommunen
- vedtaksperioden er over.

Kilde: stockbilder



Behandling av klagene, forts.

- Dersom vilkåra for å behandle klagene er oppfylte, skal kommunen «foreta de undersøkelser som klagene gir grunn til» jf. forvaltningslova § 33 andre ledd.
 - Vurdere om vedtaket har blitt gjennomført
 - Kva opplæring er gitt
 - Er opplæringa gitt i samsvar med vedtaket
 - Treng ikkje vurdere om alt som vedtaket gjeld har blitt gjennomført, dersom klagene berre gjeld deler av vedtaket
 - Vanskeleg å vurdere om uklare vedtak er gjennomførte



Behandling av klagen, forts.

- Dokumentasjon på korleis vedtaket har blitt følgt opp
 - Til dømes skulen si oversikt over gjennomførte timer med ITO, eleven sin IOP, årsrapport, undervegsvurderinger, vekeplanar, samtalar med elev, foreldre, lærarar
 - Har skulen eit system for å halde oversikt på om timer med ITO blir gjennomførte?
 - Har skulen ein plan for å ta igjen timer som ikkje er gjennomførte?
 - Barnets beste – barnet sin rett til opplæring, til å medverke og bli høyrt
- Bruke innhenta dokumentasjon til å vurdere om vedtaket er gjennomført eller ikkje



Behandling av klagen, forts.

- Kva når vedtak ikkje er gjennomført fordi eleven ikkje møter på skulen?
 - Er retten til opplæring oppfylt? Korleis er omsynet til barnets beste vurdert og veklagt?
 - Undersøke i kva omfang vedtaket er gjennomført og med kva innhald
 - Dersom eleven sitt fråvær hindrar gjennomføringa av vedtaket; må undersøke eleven sin skulesituasjon på eit breiare grunnlag til dømes:
 - Kartlegge årsakene til skulefråværet
 - Kan forhold ved den individuelle tilrettelegginga påverke fråværet?
 - Kva veit de om eleven sitt skolemiljø – eit trygt og godt skolemiljø kan vere ein føresetnad for å gjennomføre vedtaket
 - Tar vedtaket høgde for eleven sitt skulefråvær? Kan det vere behov for ny sakkyndig vurdering?



Behandling av klagen, forts.

Utfallet av saka:

- Kommunen vurderer at gjennomføringa er i tråd med vedtaket
 - Parten får ikke medhald i klagen, og saka skal sendast til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd jf. forvaltningslova § 33, fjerde ledd
- Kommunen vurderer at gjennomføringa ikke er i tråd med vedtaket
 - Parten får medhald i klagen. Avhengig av kva som ikke var gjennomført i tråd med vedtaket, kan utfallet bli at eleven får tatt igjen timar jf. forvaltningslova § 33, andre ledd.

Statsforvaltaren si behandling av klagesak om manglende gjennomføring



- Klageinstansen kan prøve alle sider av saka, forvaltningslova § 34 andre ledd
- Klageinstansen kan gjere nytt vedtak som inneber å stadfeste kommunen sitt vedtak, eller oppheve og sende tilbake for ny behandling jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd

Kilde: stockbilder





Statsforvaltaren si behandling forts.

Ved behandling av klagen

- undersøke kva vedtaket om individuell tilrettelegging går ut på
- kommunen sine vurderingar av gjennomføringa
- eventuelt innhente meir dokumentasjon
- uklare vedtak



Lenker

[Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) | udir.no](#)

[Lov om private skolar med rett til statstilskot \(privatskolelova\) | udir.no](#)

[Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\) | udir.no](#)

[Forskrift til privatskolelova \(privatskoleforskrifta\) | udir.no](#)

[Regelverk for skole og opplæring | udir.no](#)

[Veileder for tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging | udir.no](#)

[Statsforvalterens behandling av klage over manglende gjennomføring av vedtak om spesialundervisning ved høyt skolefravær - Sivilombudet](#)